


# Energiovergangar

Energi skiftar energiform heile tida. Energi blir aldri brukt opp og kan ikkje forsvinne. Han endrar berre form. Dette blir kalla energiovergangar.


Eit godt døme er når du sykklar. Først har sola sendt strålingsenergi til jorda slik at fotosyntesen har laga glukose i plantane. Dyra et plantar. Vi menneske kan ete både plantar og dyr. Når du et, blir den kjemiske energien i maten endra til rørsleenergi, som får kroppen til å verke. Det er musklane dine som bruker energien frå maten til å sykle.




## Energiovergangar skjer heile tida rundt oss.

Her skal du få sjå tre døme til på energiovergangar:

Når vi et og bevegar oss, blir kjemisk energi frå maten endra til rørsleenergi.



Når vi tenner ei lommelykt, blir kjemisk energi frå batteriet endra til elektrisk energi som gir lys.



Ein vasskokar endrar elektrisk energi til varmeenergi når han varmar opp vatnet. Når vatnet koker, blir varmeenergien til rørsleenergi. Du ser at vatnet boblar.

